



Eivind Hordvik
Olsvollvegen 116
5938 Sæbøvågen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4697 - 23/65790

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
30.08.2023

Ber om tilbakemelding på avløpsforholda på eigedommen din - gbnr 474/16 Olsvoll

Tiltak: Kloakk i hage
Byggjestad: Gbnr: 474/16
Tiltakshavar: Eivind Hordvik og Irmelin Hordvik

Alver kommune har den 08.06.23 motteke ei bekymringsmelding om kloakkoppkomme på din eigedom med avrenning til open elv. Det er også meldt om lagring av hestemøk som har avrenning til open elv (sjå vedlegg).

I sak 22/5816 angående avvik på ditt avløpsanlegg, har du meldt tilbake den 05.04.23 at avviket er retta. Det er også registrert søknad om nytt utsleppsløyve og løyve til etablering av minireinseanlegg som er under behandling.

Det er tillatt å lagre hestemøk direkte på bakken, men dette må då skjermast mot overflatevatn og den kan ikkje lagrast nær vassdrag eller ha direkte avrenning til elv eller vassdrag. Det er også krav til at hestemøk som vert lagra inngår i gardens gjødselplan og vert nytta på godkjent spreieareal innan 3 år. Landbruksavdelinga kan gje råd til korleis hestemøk kan lagrast på best mogeleg måte.

Vi ber deg om ei tilbakemelding både på kloakkforholda og korleis hestemøk vert lagra på eigedomen din.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga.

Frist for tilbakemelding vert sett til 15.10.2023.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg/dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for tilbakemelding.

Skjema sender du/de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg - gbnr474-16
Melding om skjemmande forhold - gbnr 474/16 Olsvoll

Mottakarar:

Eivind Hordvik	Olsvollvegen 116	5938	Sæbøvågen
Irmelin Benedicte Fjeldberg Hordvik	Olsvollvegen 116	5938	Sæbøvågen